

# PALLIATIVT NETTVERK

## NETTVERK AV FYSIO – OG ERGOTERAPEUTAR

Fysio – og ergoterapinettverket i kreftomsorg og lindrande behandling for Helse Bergen føretaksområde blei etablert våren 2007.

Overordna mål for nettverket er å sikre at palliative pasientar får eit best mogeleg fysio- og ergoterapitilbod som naturleg del av eit palliativt tilbod.

Nettverket skal auke fysio- og ergoterapeutar sin kompetanse, interesse og engasjement for palliasjon. Det skal også vere eit forum for samhandling mellom dei ulike nivåa og fremje tverrfagleg samarbeid.

Det er samling for ressurspersonane ein gong kvart år, og nettverket arrangerer i tillegg opne seminar ca. annakvart år om palliasjon.

Ein gong i året er det også ei felles samling med sjukepleienettverket.

Fysioterapiavdelinga driv saman med Fysioterapiavdelinga ved DSSH eit treningstilbod for personar som lever med alvorleg kreftsjukdom. Målsetjinga er å auke livskvalitet gjennom å oppretthalde og fremje fysisk aktivitet og funksjon, og også møte andre i same situasjon. Det er ca. 10-15 deltakarar, og treninga føregår kvar torsdag kl. 11.45 - 13.30 på Lærings- og mestringscenteret i Bergen. Tilbodet er gratis.

Mai 2014.

Har du spørsmål, kan du kontakte:

**Lise Amundsen**  
**Fysioterapiavdelinga**

**Telefon: 55 97 73 26/20**